

Sogn og Fjordane Fylkekommune

6863 LEIKANGER

Sogndal 26.10.2014

Vidareføring av overgangsordning for utdanningsvalet medium og kommunikasjon på Sogndal vidaregåande skuleåret 2015-2016.

Då våre ungdommar søkte utdanningsløp våren 2013 låg det inne tilbod frå Sogn og Fjordane fylkeskommune om å velje eit treårig utdanningsløp for 1 gruppe på medium og kommunikasjon på Sogndal vidaregåande skule (arkivsak 12/5654). Eit treårig utdanningsløp våre ungdommar søkte bl.a ut frå interesse og for å kunne ta utdanning og bu i Sogndal gjennom heile den vidaregåande opplæringa. Det var og tilbod om påbygg til generell studiekompetanse både på Sogndal- og Luster vidaregåande skule.

Frist for å søkje vidaregåande opplæring var 01.03.2013

Frist for å endre skulevalet/utdanningsløp var 30. 04.2013

Ny skulebruksplan blei vedteken 11.06.2013 med bl.a desse konsekvensane;

- ikkje lenger tilbod om vg3 på medium og kommunikasjon på Sogndal vidaregåande skule.
- ikkje lengre tilbod om påbygg til generell studiekompetanse på Sogndal vidaregåande skule.
- Luster vidaregåande blir nedlagd, og dermed og tilbod om påbygg til generell studiekompetanse.
- einaste tilbod om påbygg til generell studiekompetanse i Sogn blir lagt til Årdal vidaregåande skule.

I forbindelse med arbeidet til utkast av skulebruksplan gjekk det fram at fylkeskommunen var klar på at; «Etter vg2 går alle elevane til vg3 media og kommunikasjon eller ordinær påbygging til generell studiekompetanse. Det er i tillegg få læreplassar på lands-basis.»

I tilråding av skulebruksplan pkt. 2.1.10 står det at fylkeskommunen legg opp til å tilby søkjarar frå vg2 medium og kommunikasjon plass i ordinære påbyggingsgrupper i staden for vg3 medium og kommunikasjon på grunn av kapasitetsutnytting.

Det er to vidaregåande skular i fylket, Sogndal vgs og Hafstad vgs, som no tilbyr vg1 og vg2 medium og kommunikasjon. Men; medan Hafstad vidaregåande skule tilbyr påbygg til generell studiekompetanse er det ikkje lenger er eit tilbod på Sogndal vidaregåande skule. Dette er å behandle elevgruppene i fylket ulikt, då elevar frå Sogndal vidaregåande blir «tvinga» til å flytte til ein anna kommune og ein anna skule for å kunne ta treårig vidaregåande utdanning, medan elevgruppa frå Hafstad kan forsetje på same skule heile utdanningsløpet.

Kvifor skal våre ungdommar bli utsatt for denne forskjellsbehandlninga? og stemmer det at ein i dette tilfelle har teke omsyn til søkjarmønster både lokalt og i eit fylkesperspektiv?

Det vil utvilsamt vere ei belastning både sosialt og økonomisk, samt krevje ekstra mykje av ungdommane å måtte flytte i denne fasen av utdanningsløpet. Me har registrert at fylkeskommunen no ønskjer å bruke meir midlar på å trappe opp tiltak for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring.

Meiner fylkeskommunen at å «tvinge» elevane til å måtte flytte til ein anna kommune og ein anna skule – for fleire av elevane for andre gang i løpet av den 3 årige vidaregåande opplæringa er eit godt tiltak for å sikre at dei gjennomfører opplæringa?


Våre ungdommar har valt skuleløp på «feil grunnlag» i forhold til kva utdanningsløp som var lyst, og som fylkeskommunen «lova» dei. Ref. arkivsak 12/1376. Me poengter at 3. året på media og kommunikasjon er særst viktig for elevane når det gjeld modning, sjølvstende og kreativitet. Dette er heilt grunnleggande for å få fullt utbytte av mediefaget – og som var det utdanningsløpet dei søkte.

Elevane på vg2 MK i Sogndal 2014/2015 trivast veldig godt i klassen og med opplæringa. Dei er særst motivert for å få fullført det 3.årige skuleløpet dei starta på i Sogndal. Det vil vere synd om desse skal bli ein del av «drop out» statistikken i fylket.


Det vil vere urimeleg om ikkje våre ungdommar og skal få fullføre utdanningsløpet dei søkte, sidan fylkeskommunen etter at vedtaket om ny skulebruksplan var fatta, har gjeve overgangsordning for elevgruppa som søkte same utdanningsløp våren 2012, slik at dei har fått tilbod om å gå 3. året her i Sogndal. Fylkeskommunen seier då i tilfelle ja til halve gruppa og nei til den andre.

At fylkeskommunepolitikarane skjønner kor viktig det er å fortsatt å tilby både god kvalitet og lokalisering av vg3 for media og kommunikasjon i Sogndal har me stor tru på, og me krev difor at det blir vidareført overgangsordning for dette utdanningsprogrammet på Sogndal vidaregåande skule for skuleåret 2015-2016.

Med helsing



Representant for foreldra til
elevane på vg2 MK 2014/2015



representant for elevane
på vg2 MK 2014/2015